



Ørjan Haugland fekk testa Jinma 354 med skjær skikkeleg under snørydding heime på Klammeren onsdag og tosdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingen Ørjan Haugland (25) er i startfasen med sitt nye firma Haugland Landbruk og laurdag arrangerar han demonstrasjonsdag på Stølen (like ved skulen).**

Der skal han visa fram den nye Jinma 354 som han sel saman med fem andre småmodellar av den kinesiske traktoren. Også skuffe, skjær for til dømes snørydding, hurtigkoblingar og flishoggar vil bli demonstrert.

- Eg har så langt hatt ein god del telefonar og er optimist. Så langt har eg seld ei skuffe, ein flishoggar og nokre hurtigkoblingar. På traktorfronten er det relativt roleg akkurat no. Men det gjeld også for andre forhandlarar, seier Ørjan, som onsdag og torsdag har fått testa utstyret grundig under snørydding heime på Klammeren. Den kinesiske traktoren har no vore seld i fire år her i landet så folk burde kjenna han, meiner Ørjan som dei siste vekene har testa ut 354-modellen skikkeleg og er godt nøgd.

Den initiativrike uskedelingen håper at han er iferd med å finna ei nisje i marknaden tilpassa småbruk og hobbybruk og tenkjer då ikkje minst på epledyrkarar. Kina-importen er for han i utgangspunktet ei attåttnæring, men akkurat no er han "ledig på marknaden" ettersom firmaet han har vore ansatt i sidan sist sommar har gått konkurs. Det er Kvinnherad Stein og Hage i Høylandsbygd.

Av Ola Matti Mathisen



Laurdag skal Ørjan demonstrera traktor med utstyr på Stølen. (Foto: Ola Matti Mathisen)